



NYNORSK- STAFETTEN

- ei stafettkokebok

Noregs Mållag 2013

INTRODUKSJON

I 2013 er det 200 år sidan Ivar Aasen vart fødd. Dette vert feira med eit Språkår. Noregs Mållag vil markera nynorsken i Språkåret 2013. Vårt bidrag er ein nynorskstafett gjennom heile Noreg. Vi vil leiga ein bil og køyra i fotspora til Ivar Aasen. Måndag 28. januar opnar vi Nynorskstafetten i Ivar Aasen-tunet i Ørsta. Stafetten skal rulla heilt fram til 19. oktober i Bygland på Agder. Då har bilen hatt 140 stogg og vitja svært mange lokallag.

Vi ynskjer å markera nynorsken og Mållaget på ein positiv og frisk måte, og vi har eit klårt mål om å engasjera lokale mållag og lokalsamfunn i denne stafetten.

AKTIVITETAR I NYNORSKSTAFETTEN

Nokre stader blir det planlagt dagopplegg med ulike besøk, debattar og møte, eller det blir stand på kjøpesenteret og framsyning på torget, medan andre lokallag vil satsa på dei populære kulturkveldane eller debattmøte med eller utan nynorsk bar.

Mykje interessant er under planlegging. Romsdal Mållag skal ha skiløp med ordløype, Elverum Mållag samarbeider med forfattaren Kristin Fridtun om bokkveld og Skånevik Mållag legg opp til samling på Gjestgjevargarden, der Ivar Aasen budde i seks veker i 1844. For å nemna noko.

MELD FRÅ OM AKTIVITETAR TIL OSS

Vi vil gjerne at lokallag som skal få vitjing, fyller ut skjemaet som er lagt ved så detaljert som råd er og sender det til oss dersom de ikkje har gjort det enno. Om de skal ha besøk før sommarferien, er frist for levering 10. januar, og skal de ha besøk etter sommarferien, er fristen 10. februar. Send skjemaet til: stafetten@nm.no eller Noregs Mållag, Lilletorget 1, 0184 OSLO, eller ring oss på tlf. 23 00 29 30.

KVEN GJER KVA?

ARBEIDSFORDELING MELLOM SKRIVARSTOVA OG LOKALLAGA

Vi vil at lokallaga legg planane lokalt. Det er viktig å laga avtalar i god tid, både med dei vi skal møta og med pressa. Dersom de ønskjer at sentralt skal bidra aktivt i opplegget, er det viktig at vi får melding om det. For å gjera denne Nynorskstafetten mogleg er vi takksame om lokallaga kan skaffa privat overnatting til oss som reiser. Dersom det ikkje høver for lokallaget ditt å ta imot besøk som er sett opp, vil vi ha melding om det. Skrivarstova koordinerer planane, sender bilen rundt med mannskap, lagar tilfang og gjer informasjonsarbeid.

SAMARBEID MELLOM LOKALLAGA

Nokre lag har felles ansvar for ein stafettdag. Det er viktig at laga snakkar saman og koordinerer dette arbeidet. Gje melding dersom de treng ekstra hjelp. Det er også ein fordel om nabolag har høve til å snakka saman før Nynorskstafetten kjem. Slik sikrar ein at tidspunkta på dei ulike stadene ikkje kolliderer.

STAFETTBILEN

Stafettbilen vil ha med seg helst to og gjerne tre tillitsvalde eller tilsette frå Noregs Mållag og Norsk Målungdom. Desse vil vera dei som stiller opp på oppdraga lokallaga avtaler på vegner av oss.

VITJING I BARNEHAGAR, PÅ SKULAR OG LIKNANDE

Nynorskstafetten kan bli med på barnehagebesøk. Vi vil ha med ei bok i gåve og møta styraren eller ei avdeling. Ein kan også vitja skuleklasser eller skular. Ordføraren eller oppvekstsjefen er også personar vi gjerne møter – vi lagar ei eiga ordførarapakke.

Kvardsagsstand: Stafettbilen er full av nytt tilfang

og ting som er fine å dela ut. Både stafettbilen og standsutstyret vil gjera oss ekstra synlege.

Superlaurdag: Vi bruker stafettbilen og standsutstyret til å gjera oss ekstra synlege. Om lokallag vil, kan ein lyfta standen med noko meir, til dømes ein gjest. Det kan vera ein artist eller forfattar, ei lokal dansegruppe eller noko. Kaker, bollar og brus.

Kveldsopplegg: Dette er det lokallaga sjølve som lyt laga til. Det kan vera kultursete, opplesing, forfattarkveld, besøk på ungdomsklubben eller anna. Stafettsjåførane kan vera til stades med materiell og gjerne seia nokre ord.

EIT DØME PÅ EIN STOGG

Kva som skjer på kvar enkelt stoggestad er det lokallaga som organiserer. Vi har altså minst 130 medarrangørar. Men ein stogg kan til dømes sjå ut som den stoggen som blir planlagt i Gloppen:

Kl 09.00 Møte med ordføraren og rådmannen

Kl 10.00 Samling av barnehagane i Gloppen

Kl 11.30 Samling av barneskulane i Gloppen

Kl 13.00 Samling av ungdomsskulen og barneskular i Gloppen

Kl 14.30 Samling av Firda vgs

- felles allsong - har øvd inn tre songar på førehand

- innslag med kvifor nynorsk? Kven var Ivar Aasen?

Kl 19.00 Samling i kultursalen i Trivselshagen

Invitasjon til ulike songkor. Ope for alle.

- ulike innslag og felles allsong

- både alvorlege og meir humoristiske innslag

HAR DE IKKJE FYLT OPP DAGEN? HER ER NOKRE TIPS

Forfattarbesøk

Samlaget er godt orientert om Nynorskstafetten, og vil gjerne bidra til forfattarbesøk der det er ønskeleg. Dei har sendt oss ei fyldig liste over moglege forfattarar, der både barne- og ungdomslitteratur og bøker for vaksne er godt representerte. For meir informasjon, ta gjerne kontakt med Tuva Østvedt på skriveboks, eller Samlaget direkte via Anne Liv Hovda Tresselt, tlf. 905 61 322 /e-post: A.Tresselt@samlaget.no. Hugs også på dei andre forlaga, som t.d. Skald, Mangschou og Selja. Dei kan også ha forfattarar som kan vera aktuelle.

Nynorsk avis for ein dag

Kva med å ta kontakt med dei avisene som bruker både nynorsk og bokmål, og utfordra dei på å ha berre nynorsk på den dagen Nynorskstafetten kjem på besøk, eller på fødselsdagen til Ivar Aasen den 5. august?

Nynorsk næringsliv

Kva med å sjå innom ein butikk, eit hotell eller andre private verksemder som bruker nynorsk og bør få ros for det, eller ikkje bruker så mykje nynorsk og bør bli utfordra på det?

TILFANG TIL UTDELING

Tilfanget er gratis for lokallaga. Vi skal ha med tilbod om klasesett av Norsk Barneblad til den aktuelle målgruppa, og vekeferske Dag og Tid til unge og eldre.

I tillegg vil det vera skriftleg tilfang som vi lagar sjølv:

- ei eiga magasinutgåve av Norsk Tidend – med godt og meir “tidlaust” stoff
- Flygeblad til elevane
- Flygeblad til barnehagane
- Ordførarmappe med gode råd om nynorsk i kommunane og ei eiga bokgåve “Viljen til språk” av Ottar Grepstad
- Bøker som vi gjev frå oss i gåve til dei vi får besøka

Gratistilfang til utdeling

Vi vil produsera nokre småting som er høvelege å gje vekk på stands, i klasserom eller liknande:

- ballongar
- jakkemerke
- klistremerke

Salstilfang

Vi vil også syta for å ha med oss eit knippe salsmateriell som kan seljast der det er høveleg:

- matboks
- Kulturlotteriet 2013
- skrivebok og penn

Stafettpinne

Det blir laga ein eigen stafettpinne som skal følgja oss gjennom heile Nynorskstafetten. Han skal syna heilt konkret at dette er ein stafett der over hundre lokallag har kvar sin etappe. Han er fin illustrasjon

til bilete ein vil ta, og vi vil laga så pass mange at han kan brukast som gåve eller souvenir.

LOGO/EIGETILFANG

Om de ynskjer å produsera eige tilfang, plakatar, lysingar o.l., så vil det bli råd å lasta ned logoar og grafiske element frå heimesida til stafetten. Der vil det også blir råd å tinga materiell.

INFORMASJONS- OG PRESSEARBEID

Lokallaga har sjølv ansvar for å kontakta lokale media med tips om Nynorskstafetten. Har du lite erfaring med slikt arbeid, sjekk idelista til pressearbeid. Sentralt vil vi laga ei heimeside som heiter: www.nynorskstafetten.no Der vil de finna lenkje til ein eigen blogg som vil bli oppdatert gjennom året. I tillegg vil vi ha Facebook-side og eigen Twitter-profil. Dette skal vera med å utgjera eit grunnlag for pressearbeidet lokalt. Gjennom heile Nynorskstafetten er vi avhengige av at de melder tilbake med bilete og tekst frå små og store hendingar frå Nynorskstafetten og andre hendingar gjennom Språkåret. Her er nokre tips om korleis de kan koma i avisa:

A) Ta ein telefon!

Presenter deg, fortel kvifor du ringjer og kort kva saka gjeld. Om du ikkje får nokon respons med det same, kan du seia at du kan senda noko skriftleg til journalisten og be ho om å vurdere saka og koma attende til deg. Eller du kan senda ein e-post fyrst, og deretter ta ein telefon.

B) Kven skal eg ta kontakt med?

Dersom du allereie har kontakt til ein journalist i lokalmedia – avis, fjernsyn eller radio – kan du kontakta denne personen direkte og tipsa om saka. Eit alternativ er å kontakta vaksjef eller redaksjonssjef. Du kan ringja sentralbordet og be om å bli sett over til ein av desse. Hugs å notera namn og kontaktinformasjon (telefon og e-post) til den du snakkar med, slik at du kan følgja opp vedkomande i etterkant av telefonsamtalen. Du bør helst ta kontakt tidleg på morgonen (før redaksjonane har morgonmøte, vanlegvis klokka 09.00), eller tidleg på føremiddagen.

C) Førebu deg

Tenk gjennom kva som gjer nettopp denne saka interessant for lokalmedia. Skriv gjerne ned nokre stikkord og kva som er den viktigaste budskapen din når du skal fortelja om saka. Tenk gjennom: Kva

tykkjer eg er ei god historie? Kva ville eg ha likt å lesa om? Kvifor er dette interessant for dei lokale lesarane? Vurder gjerne:

- Kven vedkjem det? (til dømes: Alle som er opptekne av språk i kommunen)
- Kvifor er denne saka relevant for lokalmiljøet? (til dømes: Vitjar mange lokale skuleklassar)
- Kvifor er dette aktuelt no? (til dømes: Nynorskstafetten kjem)

D) Send meir informasjon om det trengst

Høyr gjerne med journalisten kva du kan senda av fakta (til dømes bakgrunnsinformasjon om mållaget), bilete, statistikk, eller liknande. Send gjerne dette på e-post rett etter telefonsamtalen.

E) Kjekt med bilete

Føreslå idear du har til kva journalisten kan ta bilete av. (Overrekking av stafettspinnen). Den eller dei som vil uttala seg i saka, er som regel gode biletobjekt. Tenk gjennom ein god stad bileta kan bli tekne. Dersom avisa ikkje kan ta bilete sjølv, tilby deg å ta bilete, og send eit til oss samstundes.

F) Gje frå deg telefonnummeret ditt

Syt for at journalisten har kontaktinformasjon til deg, og gjer det klart at du er tilgjengeleg dersom dei skulle ynskja kommentarar eller meir informasjon til denne eller andre saker i framtida.

G) Lukke til!

Du har ingenting å tapa. Somme gonger får du eit ja, somme gonger eit nei. Hugs – alle media lever av gode tips og gode kontaktar i lokalmiljøet. Ikkje gje opp om du får eit nei: Om avisa ikkje gav plass til saka, kan det henda lokalradioen eller fjernsynet er interessert?

KVIFOR STAFETT I SPRÅKÅRET 2013?

Noregs Mållag sitt bidrag er å markera nynorsken og Ivar Aasen. Vi ynskjer at Språkåret skal bli ei politisk markering for nynorsken, og vi trur at denne stafetten vil vera med på å gje eit godt inntrykk av kor viktig språket vårt er for folk. Vi ynskjer å få fram eit ordskifte om kva slags språkpolitikk nynorsken og resten av språkmangfaldet i Noreg treng.

FEIRING AV NYNORSKEN

Vi ynskjer å framheva nynorsken og målsaka på ein

positiv og kraftfull måte. Målet er òg å gjera folk medvitne om saga til nynorsken og kvifor det er viktig å skriva nynorsk. Dette er eit flott høve til å snakka om kvifor folk heller bør skriva nynorsk enn bokmål. I tillegg vil vi argumentera for at elevane i Noreg bør læra både nynorsk og bokmål.

Hovudbodskapen gjeld for heile landet, men vi tilpassar oss kvar i landet vi er. Altså noko ulik vektlegging om vi er i kjerneområde, randsoner, tidlegare nynorskområde eller i bokmålsområde. I kjerneområda og randsonene bør vi snakka om kvifor det er viktig å halda på nynorsken, vilkåra for å vera nynorskelev og å drøfta målbyte og korleis dei organiserer opplæringa i ungdomsskulen og vidaregåande skule, og kvifor alle bør lære nynorsk. I bokmålsområda kan vi leggja vekt på det tidlege møtet med nynorsken og språkmangfaldet.

POLITISK BAKTEPPE FOR STAFETTEN

For oss er det viktig å sikra nynorskbrukarane retten til å skriva og lesa nynorsk i alle delar av samfunnet. Språket er ein av dei viktigaste identitetsmarkørane vi har, og det er ein sentral del av yringsfridomen at dei rundt ein halv million nynorskbrukarane kan bruka språket sitt over alt.

Skal vi sikra nynorskbrukarane fridom til å bruka nynorsk overalt i samfunnet, lyt bokmålsbrukarane som er i fleirtal, læra seg mindretalspråket nynorsk. I sidemålsdebatten er det viktig å få fram at det ikkje berre handlar om kva som skjer ein eksamensdag i mai, men det handlar om framtida til nynorsken og kva rom det nynorske språksamfunnet skal ha.

NORSK MÅLUNGDOM

Norsk Målungdom går saman med oss å laga Nynorskstafetten. Dei stiller med ungdomar som kan vera med i bilen og ta snakke- og standsoppdrag undervegs.

MARKER SPRÅKÅRET HEILE ÅRET

Det er veldig kjekt om lokallaga skipar til tilstellingar eller markeringar gjennom HEILE 2013. Både i Garborg-året 2001 og i Noregs Mållag sitt hundreårsjubileumsår i 2006 laga mange lokal- og fylkeslag flotte markeringar. Det vil vi gjerne at de gjer no også. I tillegg er det viktig at alle blir med på dugnaden for å få til ein flott språkstafett.

OM SPRÅKÅRET 2013

Slik presenterer Språkåret 2013 seg sjølv: Språkåret 2013 skal bli ei raus feiring av språklege skilnader og mangfald. Vi vil gjere nordmenn språkleg rausare med kvarandre. Vi skal få fram kva språka og språkbrukarane gir kvarandre, og skape respekt for dei behova ulike språkbrukargrupper har. Dette er den sentrale bodskapen.

Språk har vi alle felles, sjølv om vi ikkje har det same språket. Vi har mange språk i Noreg, og i 2013 vil vi setje fokus på dei alle. Norsk med målformene nynorsk og bokmål, urfolksspråket samisk og dei tre nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romanes. Norsk teiknspråk har også status som offisielt språk i Noreg, og vi har i tillegg ein stor dialektrikdom og ei rekkje nye innvandrarspråk.

Måla for Språkåret 2013: Skape større språkleg sjølvkjensle blant nynorskbrukarar og større aksept for den språkdelte norske kulturen. Gjere også bokmålsbrukarane stolte av den nynorske skriftkulturen. Få fram meir kunnskap om, og skape større respekt for urfolksspråk, minoritetsspråk, innvandararspråk og teiknspråk. Setje den norske språksituasjonen inn i internasjonale og samanliknande perspektiv. Skape breiare kontakt mellom språkpolitiske aktørar med felles interesser på tvers av språkgrenser og etnisitet.

Alle er velkomne til å vere med! Språkåret 2013 er året som skal gjere tilskodarar til deltakarar. Vi skal vise at språk er artig og viktig, både for den enkelte språkbrukaren og i eit større perspektiv. Når 2013 er over, håpar vi nordmenn debatterer språk med eit høgare kunnskapsnivå og med andre perspektiv enn det ein har gjort til no.

Arrangement gjennom eit heilt år. Sju basisarrangement dannar grunnpilarane i Språkåret 2013. Desse arrangementa har stor breidde i geografi og innhald, og dei er spreidd gjennom heile året.

2. januar 2013: Opning av Språkåret 2013 i Kilden i Kristiansand i samarbeid med Det Norske Teatret. 2. januar 2013 er det 100 år sidan Det Norske Teatret spelte sitt første stykke, nettopp i Kristiansand. Dette blir feira med ei festframsyning som markerer 100-årsdagen og opninga av Språkåret 2013.

Mars: Basisarrangement i Bergen

I midten av mars håpar Språkåret 2013 å engasjere så mange som muleg gjennom eit breiddearrangement i Bergen. Dette arrangementet er framleis under planlegging.

28. juni – 1. juli: Dei nynorske festspela
Dei nynorske festspela er ei årleg feiring av den nynorske skriftkulturen som blir arrangert i Ivar Aasen-tunet og andre stader i Volda og Ørsta. I 2013 vil Dei nynorske festspela ha språk som tema.

5. august: Ivar Aasens fødselsdag
5. august 2013 er det 200 år sidan Ivar Aasen vart fødd. På sjølve fødselsdagen og helga før vil Aasen bli feira over heile landet.

6. oktober: Folkefest på Det Norske Teatret
Det Norske Teatret spelte sitt første stykke i Teatersalen til BUL i Oslo 6. oktober 1913. Teatret vart møtt med pipekonsertar, men står i dag støtt som ein av våre best besøkte kulturinstitusjonar. Den 6. oktober 2013 opnar teatret dørene, stengjer gatene og inviterer til folkefest for alle, både framom, bak og på scena.

6.-8. november: Tromsø Conference on Language Diversity
Verdskonferansen om språk i Tromsø sett fokus på den særeigne språksituasjonen i Noreg. I samband med konferansen som samlar språkforskarar frå inn- og utland, vil det også bli fleire breiddearrangement i Tromsø i samarbeid med byens kulturinstitusjonar.

6. desember: Avslutning
Språkåret er året som aldri sluttar. Språk vil alltid vere viktig for folk. Men 2013 varar ikkje evig. 6. desember avsluttar vi Språkåret 2013 i Ivar Aasen-tunet i Ørsta. Språkåret 2013 er eit sjølvstendig prosjekt som er organisert under Nynorsk Kultursentrum. Prosjektet har statsstøtte frå Kulturdepartementet.

NYTTIGE NETTSIDER

Nynorskstafetten: www.nynorskstafetten.no
Språkåret 2013: www.spraakaret.no
Ivar Aasen-tunet: www.aasentunet.no
Noregs Mållag: www.nm.no
Det Norske Samlaget: www.samlaget.no
Sogn og Fjordane 250 år: www.sfj250.no/
Språkåret har sendt ut informasjonsbrev til fylkeskommunane.

KVEN GJER KVA?

Vi har ei eiga e-postadresse som heiter stafetten@nm.no Denne vert lesen kvar dag og her kan du ta kontakt om alle slags spørsmål om stafetten. Eller så kan du ta direkte kontakt med dei tilsette.

Hege Lothe har ansvar for å få sett saman eit reisekorps som saman med dei tilsette vil reisa med bilen til alle stoggestadene. Ho arbeider også med å få lagt informasjon på nettsidene, blogg, sosiale medium og med presseomtale om Nynorskstafetten. Tlf 578 65 360 / hege.lothe@nm.no

Marianne Granheim Trøyflat har sidan oktober ringt rundt til alle involverte lokallag. Ho har ansvaret for å syta for å setja opp all praktisk informasjon som kjem inn frå lokalt hald om stafetten. I januar vert prosjektstillinga hennar avslutta. Tlf 23 00 29 30 / stafetten@nm.no

Kjartan Helleve lagar magasinutgåva av Norsk Tidend, den grafiske profilen og lagar alt av det grafiske opplegget for materiell. Tlf 23 00 29 32 / kjartan.helleve@nm.no

Tuva Østvedt vil vera på skivarstova gjennom heile Nynorskstafetten. Ho kan mellom anna hjelpa til med framlegg til forfatterbesøk og liknande. Tlf 23 00 29 34 / tuva.ostvedt@nm.no

Gro Morken Endresen er dagleg leiar og har ansvar for at alt går til saman til slutt. Tlf 23 00 29 37 / gro.morken@nm.no

Ingar Arnøy og **Marit Aakre Tennø** er ein del av reisekorpset. I tillegg til Kjartan Helleve, Gro Morken Endresen og Hege Lothe.